

## Møte nr. 4-2011

### Kontrollutvalet i Klepp INNKALLES TIL MØTE 08. september 2011 kl. 16.00 i Formannskapetssalen

#### SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

- 18/11 [Godkjenning av protokoll frå møte 16.06.2011](#)
- 19/11 [Oppfølging av revisors merknader i revisjonsrapport vedr. årsoppgjøret for 2010](#)
- 20/11 [Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport Innkjøp](#)
- 21/11 [Oppfølging av selskapskontroll i IVAR IKS](#)
- 22/11 [Utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2012](#)
- 23/11 [Bestilling av overordna analyse, ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2013 - 2017.](#)
- 24/11 [Budsjett for kontroll og tilsyn 2012. Kontrollutvalets budsjettframlegg](#)
- 25/11 [Revisors uavhengighetserklæring 2011](#)
- 26/11 [Forlenging av avtale om kjøp av revisjonstjenester - bruk av opsjon](#)
- 27/11 [Evaluering av kontrollutvalets arbeid i inneverande periode](#)
- 28/11 [Statusoversikt pr. september 2011](#)

#### EVENTUELT

#### MELDINGAR

5/11 Notat vedr. kontrollutvalgets behandling av meldingssak - flytting fra enerom

**Rådmann, økonomisjef og revisor er invitert til møtet.**

Ver grei å melda eventuelt forfall snarast på telefon 51976590, som sms til mobiltf. 98806776 eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no) . Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast inn..

Evt. saker merka (*Unnateke offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/varamedlemmer.

Kleppe , 31/8.2011

Hanne-Lill Steen  
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S: Olsen  
Sekretariatet

## REFERAT-/MELDINGSSAKER

**Periode:** 14. april 2011 - 08. september 2011

<b>Nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Referatsakstittel</b>
5/11	200800279-23	Notat vedr. kontrollutvalgets behandling av meldingssak - flytting fra enerom

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800244  
Arkivkode : E: 049  
Saksbeh. : Wencke Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 08.09.2011	<b>Utvalgssaksnr.</b> 18 / 2011
---------------------------------------------------------	-------------------------------	------------------------------------

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.06.2011**

Viser til vedlagde protokoll frå møte i kontrollutvalet den 16. juni 2011.

Forslag til

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet godkjenner protkollen frå møte i Klepp kontrollutval den 16. juni 2011.

SANDNES, 30.08.2011

Wencke S. Olsen  
daglig leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:  
[Protokoll frå 16.06.2011](#)

Arkivsak : 200800196  
Arkivkode : E: 210  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 08.09.2011	<b>Utvalgssaksnr.</b> 19 /2011
---------------------------------------------------------	-------------------------------	-----------------------------------

## **OPPFØLGING AV REVISORS MERKNADER I REVISJONSRAPPORT VEDR. ÅRSOPPGJØRET FOR 2010**

I samband med behandling av årsmelding og rekneskap for Klepp kommune for 2010 vart det på kontrollutvalet sitt møte den 14.04.11 fatta følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet i Klepp har ingen merknader til den framlagde årsrekneskapen ut over det som går fram av revisors revisjonsrapport og revisjonsmelding.
2. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå administrasjonen til sitt møte den 8. september på korleis kommunen har fylgt opp revisors merknader i revisjonsrapporten, jfr. § 8 i "Forskrift om kontrollutval".

### **Saksutredning:**

Revisor bemerka i sin revisjonsrapport at det var få merknader knytt til dei kontrollane som har vore gjennom året. Område det likevel vart peika på, er:

- Problem med å skilja drift og investering (vart òg nemnt i fjor)
- Delar av momskompensasjonen som er førelagt revisor for attestasjon har ikkje vore kompensasjonsberettiga
- Det same gjeld refusjonskrav for særleg ressurskrevjande brukarar. I tillegg har dokumentasjon for berekning vore mangelfull.
- Revisor har fleire kommentarar knytt til kommunens vedtekne Finansreglement: Kommunen er pr. 31.12. ikkje i samsvar med vedtatt finansreglement pkt. 9.3; maks investering i ulike risikoklassar. Det er dessutan noko som gjeld for heile 2010 utan at avviket har blitt lukka slik eige reglement seier (pkt. 13.1.) Revisor har i tillegg funne rentebindingstid som ikkje er i samsvar med vedtatt finansreglement. Rådmannen har heller ikkje rapportert i tråd med finansreglementet. I tillegg manglar løpetid for passiva i rådmannens rapportering.

Sekretariatet har motteke tilbakemelding frå kommuneadministrasjonen v/økonomisjefen på desse merknadene, sjå vedlegg.

Tilbakemeldinga tar for seg desse områda:

#### *1. Skillet mellom drift og investering*

Den nye standarden ligg no til grunn for rådmannen sine vurderingar i budsjetteringa. Men samstundes viser standarden at ikkje alt kan detaljregulerast. På einiskilde område er det opna for å "gjera vurderingar", og i einiskildtilfelle må det "utøvast fagleg skjønn". Rådmannen er merksam på desse problemstillingane, og meiner at det berre heilt unntaksvis kan vera tilfeller kor utgifter (eller inntekter) ev. kan vera feilbudsjetterte.

#### *2. Meirverdiavgiftskompensasjon*

Rådmannen og kommunalsjefane har stor merksemd på desse problemstillingane, og har innskjerpa rutinane ut i avdelingane. Etter rådmannen si meining hadde Klepp

kommune vore tent med betre kapasitet på kontrollarbeidet, med det store omfang på betalingstransaksjonar og føringar kommunen har. (Ein ser at andre kommunar har oppretta egne såkalla controller-stillingar). Rådmannen har bede økonomiteamet om å etablere permanente stikkprøvekontrollar.

3. *Attestasjon av tilskottsordning for særlig ressurs krevjande tenester*

Rådmannen tar sikte på å kvalitetssikre avrekninga/grunnlaget for innrapporteringa enda betre, slik revisjonen henstiller om. Dette vil vere ressurs-/tidssparande både for revisjonen og kommunen.

4. *Finansreglementet*

a. *Maks investering i ulike risikoklasser*

Ifølgje rådmannen er det nye finansreglementet einnretta i høve til korleis ein ønskjer å forvalta finansane frå 2010, og i åra framover. Rådmannen synes det blir feil å utforma nye reglar for å tilpasse dei den portefølje og dei plasseringar ein hadde før overgang til nytt reglement. Rådmannen meiner imidlertid at det er viktig å vere offensiv i høve til snøggast mogleg tilpassing, men dette bør etter rådmannen si meining ikkje gjerast for ein kvar pris. Å risikere overkurs og økonomisk tap for å koma ut av noverande papir "berre" for å tilpasse seg reglementet blir feil. Sparebank1-SR Forvaltning har fått i oppdrag å sjå på saka, og vil koma med ei tilråding innan årsskiftet 2011/2012.

b. *Maks rentebindingstid*

Det nye reglementet gjeld frå 2010, og då meiner rådmannen ein må sjå på kor lang bindingstid som står att frå dette tidspunktet. Ut frå eit slikt resonnement er det berre START-lånet som framleis overskrider maksimal bindingstid – med ca. 2 år. Kommunalbanklånet har kun eit års rentebindingstid att – og utløper i 2012.

c. *Rapporteringsrutinane*

Spesifisert oversikt blei utarbeida under revisjonen sitt arbeide med årsrekneskapen 2010 no sist vinter, og inngår i årsrapporten for 2010 – side 21.

Dette er bare ein kortversjon av rådmannens tilbakemelding. Det vert vist til vedlegget for ytterlegare utdjupeing av dei enkelte områda.

Økonomisjefen er invitert til møtet for å svara på spørsmål frå utvalet og utdjupe nærare om det er ønskjeleg.

Forslag til

**VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Klepp tar administrasjonens tilbakemelding på oppfølging av revisors merknader i revisjonsrapporten for 2010 til etterretning.**

SANDNES, 29.08.2011

Wencke S. Olsen  
Skr.leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:  
[Brev av 25.08.2011](#)



## Kontrollutvalet

Saksnr	Løpenr	Arkivkode	Avd/Sek/Saksh	Dykkar ref
10/194-12	19062/11	210	SEN/ØKO/VJ	

### REVISJONSRAPPORT NR. 9 - 2010

I sak 7/11 gjorde kontrollutvalet m.a. slikt vedtak:

*”2. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå administrasjonen til sitt møte den 8.september på korleis kommunen har fylgt opp revisors merknader i revisjonsrapporten, jf. 8 i ”Forskrift om kontrollutval.”*

#### 1. Skillet mellom drift og investering

Temaet har tidlegare vore omtalt i revisjonsrapportar frå 2007 og 2009. Som i tilbakemeldinga i 2009 viser rådmannen til at det i dag føreligg ein standard frå GKRS (foreninga for god kommunal rekneskapssikk) for avgrensing mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen. Dette i motsetnad til tidlegare kor regelverket var meir uklart. Den nye standarden ligg no til grunn for rådmannen sine vurderingar i budsjetteringa. Men samstundes viser standarden at ikkje alt kan detaljregulerast. På einskilde område er det opna for å ”gjera vurderingar”, og i einskildtilfelle må det ”utøvast fagleg skjønn”.

Rådmannen er merksam på desse problemstillingane, og meiner at det berre heilt unntaksvis kan vera tilfeller kor utgifter (eller inntekter) ev. kan vera feilbudsjetterte.

#### 2. Meirverdiavgiftskompensasjon

Også dette temaet har vore tatt opp av revisjonen tidlegare år – seinast i 2009. Kontrollane i 2010 viser at det har vore tilfelle kor kompensasjonskravet som er framlagt ikkje er kompensasjonsberettiget. Rådmannen har diverre også registrert liknande tilfelle i 2011.

I Klepp kommune er det meir enn 100 personar som fortløpande er involverte i oppgjersprosessen ved betaling for kjøp av varer og tenester – gjennom kontering (føring)/ attestasjon eller tilvising. Det er tilvisingsleddet som har ansvaret for at oppgjeret vert bokført riktig, herunder at påført mva-kode er riktig.

Med såpass mange personer involverte i om lag 18 000 oppgjer/bilag kvart år, så er det uråd å tenke seg eit heilt feilfritt regime. Likevel, talet på feilføringar/merknader må ned. Det handler om at dei involverte i prosessen har nødvendig kunnskap om regelverket - og ikkje minst avsetter tid til å gjere tingene riktig. Det er uheldig at kommunen gjennom slike feil står i fare for å avkrevje staten feilaktig for relativt store

beløp. Rådmannen og kommunalsjefane har difor stor merksemd på desse problemstillingane, og har innskjerpa rutinane ut i avdelingane. Med det store omfang på betalingstransaksjonar og føringar hadde Klepp kommune vore tent med bedre kapasitet på kontrollarbeidet. (Vi ser at andre kommunar har oppretta egne såkalte controller-stillingar). Rådmannen har bede økonomiteamet om å etablere permanente stikkprøvekontrollar.

### **3. Attestasjon av tilskuddsordning for særlig ressurskrevende tjenester**

Historia har vist at staten sitt opplegg for berekning av dette tilskotet har vore krevjande å følgje opp. Staten har endra på avreknings- og oppgjerperiodiseringa (frå etterskotsvis til oppgjer og bokføring til forskotsvis), og elles gjort fleire endringar i refusjonsbetingelser, tilskotssatsar og –tersklar. Dette har diverre ført til ein del feil og korreksjonar både ved budsjettering, ved rapportering og i rekneskapssamanheng. Dette var også omtalt i revisjonsrapport 6 frå 2010 og i formannskapssak 11-2010.

Revisjonen sin attestasjonsjobb på refusjonsoppgjeret 2010 blei basert på eit åpenbart svakt dokumentert krav. Dette beklager rådmannen. Sjukefråver hjå nøkkelperson i staben bidrog nok sterkt til ein del av desse problemene.

Rådmannen tar sikte på å kvalitetssikre avrekninga/grunnlaget for innrapporteringa enda betre, slik revisjonen henstiller om. Dette vil vera ressurs-/tidsbesparende både for revisjonen og kommunen.

### **4. Finansreglementet**

- Maks investering i ulike risikoklasser

*Fakta: I det nye finansreglementet er det sett ei maksramme for investeringar i risikoklassane 4-6 på 45 % av den maksimale investeringramme. Sistnemnde er sett til 50 mill. Dette inneber at maks 18 mill. kan plasserast i dei tre høgste risiko-klassane. I dag er 31,8 mill. (pari kurs) investert i slike papir, nærare bestemt som fondsobligasjonar og egenkapitalbevis. Avviket i høve til, eller bruddet på reglementet dreier seg om lag 13 mill.*

*Fondsobligasjonane er vi garantert å få tilbake 100 % av (pari kurs) ved forfall. 5 av 6, som utgjør 23 mill. har forfall 2013-2015.*

Det nye finansreglementet er innretta i høve til korleis ein ønsker å forvalte finansane frå 2010, og i åra framover. Rådmannen synes det blir feil å utforme nye reglar for å tilpasse dei den portefølgje og dei plasseringar ein hadde før overgang til nytt reglement. Rådmannen meiner at då får ein heller bruke § 0, og i ein overgangsperiode leve med ein viss divergens mellom reglementet og faktisk portefølgjefordeling.

Det er imidlertid viktig å vera offensiv i høve til snøggast mogleg tilpassing. Men ei snøgg tilpassing bør etter rådmannen si meining ikkje gjerast for einkvar pris. Å risikere overkurs og økonomisk tap for å koma ut av noverande papir "berre" for å tilpasse seg reglementet blir feil. Sparebank1-SR Forvaltning har fått i oppdrag å sjå på saka, og vil koma med ei tilråing innan årsskiftet 2011/2012.

- Maks rentebindingstid  
*Fakta: Det nye reglementet (pkt. 10.1) seier at maksimal rentebindingstid på lån er 5 år. I dagens låneportefølgje er det i utgangspunktet to lån som bryt med dette. Eit lån i Kommunalbanken på 40 mill. som har fastrente i 7 år i perioden 2005-2012, og START-lån i Husbanken på tils. 23 mill. med fastrente i 10 år i perioden 2007-2017.*  
Også her meiner rådmannen ein må sjå pragmatisk på tilpassinga mellom nytt regelverk og gamal praksis. Viktigare er det likevel at det nye reglementet gjeld frå 2010, og då meiner rådmannen ein må sjå på kor lang bindingstid som står att frå dette tidspunktet. Ut frå eit slikt resonnement er det berre START-lånet som framleis overskrider maksimal bindingstid – med ca. 2 år. Kommunalbanklånet har kun eit års rentebindingstid att – og utløper i 2012.
- Rapporteringsrutinene  
Revisjonen har rett i at løpetid for passiva ikkje har vore opplyst om i tidlegare rapportar t.o.m. 2009. Ein spesifisert oversikt blei utarbeida under revisjonen sitt arbeide med årsrekneskapen 2010 no sist vinter, og inngår i årsrapporten for 2010 – side 21.

Klepp kommune, 25.08.2011

Svein Tore Åtland  
rådmann

Viggo Johansen  
økonomisjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*

Kopi til: Deloitte

Arkivsak : 200900013  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalet i Klepp	<b>Møtedato</b> 17.02.2011	<b>Utvalgssaksnr.</b> 20 /2011
--------------------------------------------------------	-------------------------------	-----------------------------------

## **OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT INNKJØP**

### **Bakgrunn:**

Kommunestyret i Klepp behandla denne forvaltningsrevisjonsrapporten på møte den 08.02.2010. Det vart då fatta slikt vedtak:

1. Kommunestyret i Klepp tar forvaltningsrevisjonsrapporten vedr. *Innkjøp* til etterretning.
2. Rapporten vert oversend rådmannen for vidare oppfølging, spesielt gjeld dette påvist brot på *Lov om offentlige anskaffingar* og anskaffingar som elles ikkje er i tråd med lova.
3. Kontrollutvalet får tilbakemelding på korleis rapporten er følgt opp ca. 6 mnd. etter sluttbehandling i kommunestyret.

Dei anbefalingane som gjekk fram av rapporten var:

- Klepp kommune må sørge for at regelverk for offentlige anskaffingar vert etterlevd
- Kommunen må sørge for at relevante tilsette har tilstrekkeleg kompetanse som sikrar etterleving
- Kommunen bør syte for at det etiske reglementet er kjent i organisasjonen
- Kommunen bør vurdere om organisasjonen har tilstrekkeleg kapasitet til å gjennomføre oppgåvene
- Kommunen bør gjennomgå korleis innkjøpsfunksjonen er organisert og korleis innkjøpsoppgåvene vert utførte. Spesielt gjeld dette oppgåvefordelinga mellom den sentrale innkjøpsfunksjonen og etatsleiarar når det gjeld sentrale oppgåver som
  - Opplæring
  - Distribusjon av relevant informasjon
  - Oppgåver knytt til internkontroll
- Kommunen bør utarbeide strategiske mål for innkjøpsarbeidet
- Klepp kommune bør gjennomføre ei risikokartlegging og –vurdering av måloppnåing og regeletterleving, og setje i verk tiltak på bakgrunn av risikovurderinga
- Innkjøpsrutinane bør reviderast slik at kommunen får ei oppdatert innkjøpshandbok som er i samsvar med regelverket og syner fordeling av innkjøpsoppgåver i organisasjonen
  - Det bør etablerast rutinar for kvalitetssikring og –kontroll for dei einskilde anskaffingane
  - Distribusjon og eigarskap til handboka bør følgjast opp
- Kommunen må syte for at rammeavtalar er kjent og vert etterlevd
- Kommunen bør syte for at det vert etablert eit system for å avdekkje avvik knytt til manglande regeletterleving og måloppnåing

### **Saksutredning:**

Sekretariatet har i brev av 21.12.2010 bedt rådmannen i Klepp om å gi tilbakemelding på korleis rapporten sine anbefalingar er fylgt opp av administrasjonen.

Rådmannen har gitt ei omfattande tilbakemelding på oppfølging av rapporten i vedlagte brev av 30.08.2011. Sekretariatet viser til dette brevet, sjå vedlegg.

Rådmannen konkluderer her med at rådmannen har tatt testane og rapporten til etterretning. Alle dei åtte tilfella av antatte feil/lovbrot er som nemnd i tilbakemeldinga gjennomgått nøye.

I følge rådmannen kunne dei fleste av desse vore unngått om dokumentasjon var lagt i arkivet, og ikkje i "ei skuff". Rådmannen har derfor innskjerpa rutine

Det er i tillegg lagt ved utkast til handlingplan vedr. innkjøp, samt sist vedtatte innkjøpsstrategi for kommunen, godkjent i 2011.

Det er etter sekretariatet sitt syn gitt tilfredsstillande tilbakemelding til kontrollutvalet på oppfylging av rapporten.

Forslag til

#### VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar rådmannen si tilbakemelding på oppfylging av rapporten "Innkjøp" til etterretning.  
Saka vert vidaresend kommunestyret i Klepp til orientering.

SANDNES, 30.08.2011

Wencke S. Olsen  
sekr.leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:

[Tilbakemelding frå Klepp kommune](#)

Innkjøpsreglement

Utkast til handlingsplan

## FORVALTNINGSREVISJON – INNKJØP I KLEPP KOMMUNE

### 0. Oppsummering

Dette dokumentet er rådmannen sitt tilsvar på forvaltningsrevisjonsrapport om innkjøp i Klepp kommune. Saksutgreiinga er i all hovudsak bygd opp omkring dei einskilde punkta i revisjonen sine tilrådingar i rapporten. Rådmannen oppsummerer tilsvaret slik:

- Omfanget av innkjøp og anskaffelser i Klepp kommune: Totale innkjøp/investeringar i 2010 låg på om lag 300 mill.
- Dagens organisering: Desentralisert organisering, der ca. 140 personar er involverte i innkjøp på ein eller anna måte - innanfor ein eller fleire fasar av innkjøpet.
- Innkjøpsaktørar: Desse kan i prinsippet delast inn i tre hovudtyper:
  - Behovshaver/bestiller
  - Innkjøpar
  - Budsjettansvarleg
- Talet på innkjøpsaktørar i dei einskilde etatane er ulikt. Talet på organisatoriske einingar avgjerande for kor mange som har innkjøpsmynde. Innkjøpsvolumet (i kroner) i etaten synast å ha liten betydning. Vidareføring av gamle, innarbeidde rutiner ("slik har vi gjort det i alle år") kan ha vore med på å oppretthalde et unødig høgt tal innkjøpsaktørar ?
- E-handel/e-faktura: Innføring av e-handelsplattformen bidreg til å redusere talet på innkjøpsaktørar. Systemet representerer framtida for gode innkjøpsrutiner i kommunane. Plattformen er eit klart satsingsområde for Klepp kommune. Me snakker om *betre, enklare og sikrare* innkjøp.
- Innkjøparrolla i kommunane, i lys av nytt og innskjerpa lovverk: Svært mange kommunar har tatt konsekvensen av dette og oppretta egne stilling(ar) dedikert innkjøp. Klepp kommune har så langt nytta eksisterande stilling(ar). I første rekkje gjeld dette avdelingsleiar for rekneskap- og løn, som har gjort ein stor innsats.
- Men auka omfang og regelverk på innkjøp har ført oss på defensiven dei siste åra. Som følgje av dette har avviket i høve til "ønskeleg innkjøpsstandard" i Klepp kommune auka – slik det framkjem i revisjonsrapporten.
- Kompetanse: Klepp kommune har avgrensa formell kompetanse på innkjøp. Men vi sit på solid erfaringsbasert kunnskap. Denne er verdifull. Det er imidlertid ei stor utfordring å halde seg fagleg oppdaterte, og å ikkje minst bringe oppdatert informasjon og kunnskap ut i organisasjonen. Det handler om kapasitet.
- Rådmannen tilrår at fagområdet innkjøp vert lagt inn i kommunen sin felles kompetanseplan. Innkjøpsleiar vil vera sentral i dette arbeidet.

- Desentralisert organisering: Rådmannen tilrår desentralisert innkjøpsorganisering, Rådmannen tilrår at ny stilling som innkjøpsleiar vert vurdert. Denne stillinga forutsettes sentralt plassert i organiseringsbildet. Økonomisjefen, som rapporterer til rådmannen/leiargruppa, vert næraste overordna. Innkjøpskoordinatorarar i kvar etat har og ei viktig rolle i denne modellen. Rådmannen forutsetter at koordinatorfunksjonen vert ivaretatt gjennom eksisterande stillingar – t.d. gjennom etatane sin økonomikonsulent.
- Innkjøpshåndbok: Rådmannen er i ferd med utarbeide ny innkjøpshåndbok, som erstatter den gamle som forlengst er utgått på dato. Arbeidet er godt i gang. Avsnitt omkring arbeids- og ansvarsfordeling gjenstår. Økonomiteamet jobber vidare med dette.
- Innkjøpsstrategi: Innkjøpsstrategi for Klepp kommune er utarbeidd med undertittel: "Frå innkjøp til handling". Planen blei godkjent av leiargruppa i april 2011. Ut over strategiar for ein rekkje felt på innkjøpsområde inneheld planen overordna mål. Innkjøpsstrategien følgjer saka som vedlegg.
- Internkontroll: Klepp kommune sin fremste virkemiddel mot korrupsjon og misligheter innanfor innkjøp er at dei ulike fasane i kjeda er lagt på fleire hender. Kontrollen med at aktørane i innkjøpskjeda vert holdt adskilte skjer gjennom tilvisingsleddet. Innføring og bruk av e-handels-/e-fakturasystemet utgjer ein viktig lekk i arbeidet med å styrke internkontrollen.
- Internkontroll og etikk: I opplæringsplanen for innkjøp, som forutsettes å bli ein del av kommunen sin felles kompetanseplan, bør internkontroll og etikk inngå.
- Avviksmåling: Avvikssystemet bør byggjast opp med utgangspunkt i innkjøpshåndboka og måla i strategiplanen. Systemet bør m.a. fange opp måling av lojalitet til inngåtte avtaler.
- Handlingsplan: Rådmannen har utarbeidd utkast til handlingsplan for gjennomføring av strategien - og oppfølging i høve til dei mål og intensjonar som ligg i denne saka. Planen følgjer som vedlegg til saka.
- Test av ti utvalde anskaffingar: Åtte testar viser avvik, og er omtalt som brot på lov om offentlege anskaffingar. Eit av desse er betekna som alvorleg brot. Rådmannen tar testane og rapporten til etterretning. Alle dei åtte tilfella av antatte feil/lovbrot er gjennomgått nøye. Dei fleste av desse kunne vore unngått om dokumentasjon var lagt i arkivet, og ikkje i "ei skuff". Rådmannen finn grunn til å beklage delvis manglande konkurranseeksponering i eit av test-tilfellene. Rådmannen har innskjerpa rutinane.

## 1. Innleiing

I sak 07/10 – Forvaltningsrevisjon innkjøp – gjorde kommunestyret slikt vedtak:

1. *Kommunestyret i Klepp tar forvaltningsrevisjonsrapport om innkjøp til etterretning*
2. *Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging, spesielt gjeld dette påvist brot på Lov om offentlige anskaffelser og anskaffingar som elles ikkje er i tråd med lova.*
3. *Kontrollutvalet får tilbakemelding på korleis rapporten er følgd opp ca. 6 mnd etter sluttbehandling i kommunestyret.*

Gjennom forvaltningsrevisjonen ønskja kontrollutvalet å undersøke følgjande problemstillingar:

- Korleis er innkjøpsarbeidet i kommunen organisert ?
- I kva grad har kommunen tilstrekkelege system og rutinar for gjennomføring og oppfølging av innkjøp ?
- I kva grad har kommunen tilstrekkeleg innkjøpsfagleg kompetanse ?
- I kva grad blir innkjøp gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar ?

## 2. Revisjonen sine tilrådingar

- *Klepp kommune må sørge for at regelverket for offentlege anskaffingar vert etterlevd*
- *Kommunen må sørge for at relevante tilsette har tilstrekkeleg kompetanse som sikrar etterleving*
- *Kommunen bør syta for at det etiske reglement er kjent i organisasjonen*
- *Kommunen bør vurdere om organisasjonen har tilstrekkeleg kapasitet til å gjennomføre oppgåvene*
- *Kommunen bør gjennomgå korleis innkjøpsfunksjonen er organisert og korleis innkjøpsoppgåvene vert utførte. Spesielt gjeld dette oppgåvefordelinga mellom den sentrale innkjøpsfunksjonen og etatsleiarar når det gjeld sentrale oppgåver som*
  - *opplæring*
  - *distribusjon av relevant informasjon*
  - *oppgåver knytt til internkontroll*
- *Kommunen bør utarbeide strategiske mål for innkjøpsarbeidet*
- *Klepp kommune bør gjennomføre ei risikokartlegging og-vurdering av måloppnåing og regeletterleving, og setje i verk tiltak på bakgrunn av risikovurderinga*
- *Innkjøpsrutinane bør reviderast slik at kommunen får ei oppdatert innkjøpshåndbok som er i samsvar med regelverket og syner fordeling av innkjøpsoppgåver i organisasjonen*
  - *Det bør etablerast rutinar for kvalitetssikring og –kontroll for dei einskilde anskaffingane*
  - *Distribusjon og eigarskap til handboka bør følgjast opp*
- *Kommunen bør syte for at rammeavtaler er kjente og vert etterlevd*
- *Kommunen bør syte for at det vert etablert eit system for å avdekkje avvik knytt til manglande regeletterleving og måloppnåing i innkjøpsarbeidet*

Etter at kommunestyret fatta sitt vedtak har saka vore drøfta i ulike fora i administrasjonen – herunder i rådmannen si leiargruppe. Leiargruppa bestemte i desember 2009 at økonomisjefen har ansvar for oppfølginga – med bistand frå økonomiteamet (økonomikonsulentene i etatane og avd.leiar for rekneskap og løn).

Rådmannen beklager at ein ikkje har klart å følgje opp saka innanfor nemnde tidsfrist. Det handler rett og slett om manglende kapasitet/tid til nødvendig utgreiing og saksbehandling.

Rådmannen legg vinn på å få vurdert dei hovudspørsmål som vert stilt i rapporten (tilrådingar frå revisjonen - sjå framføre) - og gjere framlegg til moglege tiltak/ løysingar for desse i ein handlingsplan.

### 3. Strategiske dokument

- [Lov om offentlige anskaffelser](#), av 16.7.1999
- [Forskrift om offentlige anskaffelser](#), av 7.4.2006
- Innkjøpsstrategi for Klepp kommune
- Kommunen sine etiske retningslinjer
- Miljø og regelverket for offentlige anskaffelser, Nærings- og Handelsdep. jan 2004
- Universell utforming i offentlige anskaffelser, Sosial og helsedirektoratet, Deltasenteret, desember 2006
- Vertøykasse for universell utforming ved offentlige innkjøp ([www.universelleanskaffelser.no](http://www.universelleanskaffelser.no)) ved anskaffelser der dette er aktuelt
- Strategi og tiltak for bruk av elektroniske forretningsprosesser og elektronisk handel i offentlig sektor, Moderniseringsdepartementet oktober 2005
- Veileder – Miljø og regelverket for offentlige anskaffelser
- Veileder – Etiske krav i offentlige anskaffelser

### 4. Mål for innkjøpsarbeidet

Klepp kommune sine overordna mål for innkjøp inngår i nylig utarbeidd innkjøpsstrategi - godkjent av leiargruppa i møte 26.april 2011. Dokumentet som har fått undertittelen "Frå innkjøp til handling" følger som vedlegg til saka.

Måla er oppsummert slik:

- Innkjøp skal gjennomførast slik at kommunen sine totale økonomiske interesser og dei samfunnsmessige aspekta blir ivaretekne best mogleg.

Dette er formulert i følgjande stikkord:

- Langsiktig perspektiv (lågast innkjøpsspris kontra livløpskostand)
- Økonomisk gunstige avtalar
- Kostnadseffektivitet i innkjøpsprosessen
- Miljøomsyn
- Etisk handel
- Universiell utforming

Strategien omhandler fleire av dei momenta som er "etterlyst" i revisjonsrapporten. Ut over mål for innkjøpsarbeidet omtales kompetanse, kapasitet, organisering og etikk. I rådmannen sitt saksframlegg nedanfor gjennomgår desse punkta nærare.

## 5. Nosituasjon – omfang av innkjøp/anskaffelser/investeringar

Omfanget av Klepp kommune sine innkjøp og investeringar utgjorde i 2010 ca. 300 mill.kr., som i rekneskapen er grovfordelt slik:

- |                                                              |                      |
|--------------------------------------------------------------|----------------------|
| • Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen | ca. 130 mill.        |
| • Investeringar                                              | " 170 mill.          |
| <b>TOTALE INNKJØP/INVESTERINGAR 2010</b>                     | <b>ca. 300 mill.</b> |

Ved årsskiftet 2010/2011 har vi mellom 600 og 700 leverandører av ulike slag i våre registre. I løpet av rekneskapsåret 2010 var det om lag 50 leverandører som leverte varer og/eller tenester for meir enn 1 mill. til Klepp kommune. Innanfor desse var det 5-6 som hadde leveranser over 10 mill. Dei største i kroner i 2010 er Gann Tre og S.Stangeland med mellom 25 og 30 mill. på begge (investeringar). Innanfor driftsleveranser er Klepp Energi, Lyse, KLP og Statens Pensjonskasse blant dei store.

Den leverandør som har utstedt flest fakturaer i 2010 er Coop Klepp med 1469 fakturaer. Som ein god nummer to kjem Ventelo (telefon) med ca. 1000 fakturaer.

Under sekkeposten diverse leverandører ligg det ca. 1100 fakturaer i 2010. Mange av desse er ikkje ordinære (vare)leverandører - men lag, organisasjoner, trossamfunn og andre som skal ha oppgjør frå kommunen – for eitt eller anna. Innanfor denne gruppa ligg det likevel eit potensiale til sparing og effektivisering. Med betre info og haldningar meiner rådmannen at omfanget på kjøp og transaksjonar hjå diverse leverandørar kan reduserast. Stikkordet er rammeavtaler og lojalitet til desse.

Talet på inngåande bilag/fakturaer var om lag 17 500 i 2010. Til samanlikning låg årleg snitt i perioden 2001-2004 på 15 500. Dette er ein auke på ca. 2000 bilag/fakturarar pr.år, eller rundt 15 % auke.

Auken i kroner på kjøp av varer og tenester er vesentleg større i same periode. Årleg snitt på totale innkjøp og investeringar i perioden 2001-2004 lå på ca. 160 mill. Innkjøpsvolumet i 2010 er nærare dobbelt så stort som årleg snitt i perioden 2001-2004 – målt i løpande priser.

I tillegg til desse "vanlege" varer og tenester kjem bank-/finanstenester, revisjonstenester og pensjonsforsikring som vert lagt ut på anbud med nokre års mellomrom.

Utan å strekkje tolkinga av tala framføre for langt så meiner rådmannen at dei indikerer at rammene og rutinene rundt innkjøp er forbedra. Talet på transaksjonar har auka marginalt, mens innkjøpsvolumet har auka kraftig. Dette har truleg gitt lågare kostnader. Som m.a. er eit resultat av fleire rammeavtaler, truleg aukande lojalitet til inngåtte rammeavtaler og at e-handelsløsingar er tatt i bruk.

Utviklinga er positiv, men vi har likevel eit stykkje veg å gå. Dette gjeld ytterlegare oppfølging og forbedring av – og lojalitet til – kommunen sine interne innkjøpsreglar og –rutinar. Og ikkje minst følgje dei eksterne spillereglane - jfr. lov om offentlege anskaffelser. Nettopp kjernen i fleire av dei punkta som Deloitte peike på i forvaltningsrevisjonsrapporten.

Det skal likevel seiast: I følgje ei undersøking gjort av IAV så er Klepp kommune ikkje den verste i klassen. I forhold til mange andre kommunar så er vi ”veldig lojale”.

## **6. Dagens organisering**

### **a) Generelt**

I Klepp kommune har vi desentraliserte innkjøpsfunksjonar. I grove trekk inneber dette følgjande:

- Det er kommunalsjefane som i utgangspunktet har ansvar og myndighet til å foreta innkjøp i sine respektive etatar.
- Avdelings-/seksjonsleiarar er gitt delegert myndighet frå etatsjefene til å bestille og godkjenne/anvise innkjøp i sin avdeling/seksjon.
- I det daglige er det oftast kontorleiarar, merkantilt personell og andre som som foretar sjølve innkjøpet/bestillinga – og dermed attesterer
- Gjennom tilvisingsleddet har avdelings-/seksjonsleiarar ansvar for å kontrollere at den delegerte innkjøps-/bestillingsmyndigheta vert utøvd på ein riktig og god måte.
- Kommunalsjefane er i varierende grad direkte inne i kontroll-/tilvisningsleddet. Rådmannen tilviser i noen grad for anskaffelser i sentraladministrasjonen.

Det enkelte innkjøp vert formelt godkjent ved tilvising av faktura. Den skisserte organiseringa sikrar effektive innkjøp i den forstand at rett vare/teneste blir bestilt til det aktuelle behovet. Desentraliserte funksjonar krev imidlertid at informasjon og kompetanse må distribuerast til fleire personar – og set dermed større krav til internkontroll.

I etat for lokal utvikling (LU) har innkjøp ein ekstra dimensjon, i det ein her skiljer mellom innkjøp til dagleg, løpande drift - og innkjøp i samband med byggje-/investeringsprosjekt. Byggjeprojekt/investeringar gjeld i hovudsak park/vedlikehald, samferdsel/VAR og dei einskilde investeringsprosjekta – leia av prosjektavdelinga.

Prosjektleiarar, avdelingsleiar park og vedlikehald og ingeniørere i VAR-avdelinga er involverte i anskaffelser til (større) byggje-/anleggsprosjekt. Felles for desse innkjøpa er at lova krev utlysing av anbud eller konkurranseutsetting. Det er varierende kunnskap og kompetanse på dette feltet. Konsulentar vert difor innleigde i relativt stort omfang.

I tillegg kjem kravet til anbud på diverse administrative tenester som sorterer under sentraladministrasjonen. Dette gjeld m.a. tenestepensjon(tariff-festa), bankavtale, revisjonstenester, finanstenester m.v. Behovet for kompetanse er stort her. Ikkje nødvendigvis anbodteknisk kompetanse, men kunnskap på det aktuelle fagområdet som anbodet gjeld. Til dømes spisskompetanse innafor pensjons- og/eller finansområdet. Innanfor dei nemnde områda er kommunen i stor grad avhengig av innleigd konsulentbistand.

**b) Nærare om dagens organisering**

Pr.d.d. er det om lag 140 personar som er involverte i innkjøp. Dvs. som gjer innkjøp/bestiller og/eller attesterer, eller godkjenner/anviser innkjøp på vegne av Klepp kommune. Desse fordeler seg om lag slik:

- Sentraladministrasjonen ..... ca. 5 personer
- Etat for skule og barnehage ..... " 60 "
- Etat for helse, sosial og omsorg ..... " 45 "
- Etat for lokal utvikling ..... " 30 "

I tala inngår også

- dei som jobber med investeringsprosjekt – dvs. med utlysing av anbud, ev. forhandlinger, kontraktsinngåelser med entreprenører, etc.
- Prosjektleiara

Ein kan sjå på innkjøpsorganisering ut frå ein tredelingsmodell. Dei ca. 140 personane nemnd framføre kan delast inn i tre hovudtype aktørar i innkjøpsssyklusen. Dette er:

- Behovshaver/bestiller
- Innkjøpar
- Budsjettansvarleg

I nokre tilfeller må modellen supplerast med ein Fagansvarleg.

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Behovshaver/ bestillar</li> </ul> <p><i>OFTE SAME PERSON</i></p>	Definerer innkjøps-/anskaffelsesbehovet <ul style="list-style-type: none"> <li>• Forbruksvarer</li> <li>• Teneste</li> <li>• Investering</li> </ul>	Må vurdere: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva slags vare/teneste ?</li> <li>- Mengde/omfang/storleik</li> </ul> Ved forbruksvare: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Har kommunen rammeavtale med leverandør ?</li> <li>- Er leverandøren på e-handel ?</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Innkjøpar</li> </ul>	Definerer innkjøpsprosedyre. Val av <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innkjøpsmetode</li> <li>• Type kontrakt</li> <li>• Val av leverandør</li> </ul>	Må vurdere: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Beløpsgrenser/terskelverdier</li> <li>- Anbud ?</li> <li>- E-handel</li> <li>- Rammeavtale ?</li> <li>- Eingongskjøp ?</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Budsjettansvarleg</li> </ul>	Ansvarleg for at det er pengar på budsjettet til anskaffelsen	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kontroll av innkjøp for gjeldande budsjettområde</li> <li>- Godkjenner/tilviser for mottatt vare til rett pris</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fagansvarleg</li> </ul>	Bistår ved anskaffelse av komplekse produkter/ tenester	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bygg/anlegg: Arkitekt/ingeniør</li> <li>- Pensjon/finans: Aktuar/økonom</li> </ul>

Modellen er en prinsippskisse. Til daglig er det sjeldent at det er tre (eller fire) separate aktører i aksjon ved eitt innkjøp. I mange tilfeller, om ikkje dei fleste så går rollene noko over i kvarandre.

Bestillar/innkjøpar kan til dømes vera ein kontortilsett ved ein barnehage, mens behovshaver og budsjettansvarleg er styraren. Det som er viktig er internkontrollkravet om å skilje

bestillar- og budsjett-/tilvisningsfunksjonen. Dvs. at den som kjøper inn/bestiller ikkje kan tilvise. I barnehageeksemplet vil da kontorpersonellet (ev. assisterande styrar) bestille varen og attestere for mottatt vare, mens styrar tilviser.

Som eit praktisk døme har rådmannen sett på to relativt store einingar: Skulane (grunn- og ungdomsskular) og pleie- og omsorgsseksjonen (heime- og institusjonstenester). Rådmannen presiserer at val av døme er tilfeldig. Tilnærma like stort innkjøpsvolum i einingane var likevel avgjerande for valet.

Etat	Avd./seksjon	Antal einingar	Kjøp av varer tenester som inngår i tenesteprod. Budsjett 2011 i milll.kr	Antal innkjøpsaktører ca.
Skule og barnehage	Grunnskulen	10 skular	9,5	35
Helse, sosial og omsorg	Pleie- og omsorgsavd.	12 seksj.+ kjøkken	8,1	18

Oppsettet indikerer det som er antydnet framføre: Det er ikkje storleiken på innkjøpa (i kroner) som er avgjerande for kor mange som er involverte i innkjøpsprosessen:

- 10 skular med samla innkjøp på 9,5 mill. involverer ca. 35 aktørar
- 12-13 pleie- og omsorgsseksjonar med om lag tilsvarande innkjøpsvolum involverer berre om lag halvparten så mange

Talet på involverte er etter at e-handel er rullet ut i etatane. I utgangspunktet inneber det at det kunne ha vore langt fleire. Bruk av e-handel styrer innkjøpene mot inngåtte rammeavtaler, og gjennom tilgang og opplæring er brukerne dedikerte. Dermed kan ikkje "alle" gå inn å handle, noko som skaller av ei rekkje tilsette som tidlegare bestilte/kjøpte inn for kommunen.

Stikkprøver viser imidlertid at det framleis er tilsette som kjøper inn "av gamal vane" – utanfor rammeavtalane og e-handelssystemet – og som ikkje med på listane framføre. Dette må ryddast opp i.

Når det gjeld skulane så er det ein skule kor det er seks personar som er involverte i innkjøp. På to skular er fire personar involverte. Ved dei resterande skulane er det minimum to eller tre personar. I utgangspunktet er ingen "vanlege" lærarar innkjøpsaktørar.

Gjennomgangen framføre indikerer realtvt store skilnader på på korleis innkjøpszyklusen vert gjennomført i etatane. Storleik (tal på tilsette og/eller innkjøpsvolum) på etaten synast å bety lite for framgangsmåten – og for kor mange som er involverte. Organiseringa, med ulikt nivå på seksjoner eller avdelingar - og talet på underavdelinger betyr derimot ein god del. Holdningar og kultur i etatane synast også å vera ein faktor i dette bildet. Herunder lojalitet til inngåtte avtaler – og viljen og evnen til å ta i bruk nye hjelpemidlar.

I ein kommune på vår storleik med over ett tusen tilsette, og med ulike interne organisasjonsstrukturar, må ein i nokon grad akseptere varisasjonar i korleis ting vert gjort. Ulikhetene kan m.a. ligge i behovet for interne, praktiske tilpassingar. Desse ulikhetene må likevel

ikkje stå i vegen for å nå felles mål – jf. innkjøpsstrategien, samt å halde seg innanfor rammene av reglar og retningslinjer når det gjeld mynde og fullmakter.

I innkjøpsreglementet som er under utarbeiding skal inngå oversikt over ansvars-/arbeidsfordeling (fullmactsstruktur) for innkjøp i kommunen.

## 7. Innkjøparrolla

Innkjøparrolla er i utgangspunktet knytt til konkurranseutsetting og anbuds-/tilbudsrunder, val av leverandør m.v. I "gamle dagar" besatte behovshaver ofte dei fleste rollane, og i nokre høve alle. Han ordna med anbod (i den grad dette blei gjennomført), han valgte leverandør og inngikk ev. avtaler, han bestilte og mottok varen - og til og med betalte/ anviste. Denne rolleblandinga er heldigvis historie.

I dag er innkjøparen gjerne ein profesjonell innkjøpar, som håndterer konkurranseutsetting, anbud m.v. på oppdrag frå behovshaver. Lov om offentlege anskaffelser m/forskrift setter spesifikke og strenge krav til korleis det offentlege, herunder kommunane, skal opptre ved innkjøp.

Dette har veldig mange kommunar tatt konsekvensen av og oppretta eige stilling(ar) som innkjøpar(ar), innkjøpsleiar, eller liknande. Desse forutsettes å besitte kunskap og kompetanse om nemnde regelverk. Stillinga(ne) utgjør også nødvendig kapasitet for å formidle kunskap og fremme dei gode haldningane om innkjøp ut i organisasjonen. Auka kompetanse og kapasitet på området vil bidra til at kommunen oppnår kostnadseffektivitet i innkjøpsprosessen og ikkje minst - gunstige avtalar.

Klepp kommune har i alle år nytta eksisterande stillingar og ressursar til dette arbeidet. Men etter kvart som lovens krav er blitt strengare og meir omfattande, har avviket i høve til ønskeleg "innkjøpsstandard" i kommunen auka.

Første utgave av lov og forskrift om offentlege anskaffelser kom på midten av 90-talet. Vi innretta oss etter dette, og då vart delar av ei stilling (avdelingsleiar rekneskap/løn) dedikert innkjøp. Dette gikk bra nokre få år, men etter kvart som lov- og regelverket omkring innkjøp ekspanderte i omfang har vi blitt hengjande etter. Ei medvirkande årsak er også at stillinga som avd.leiar rekneskap/løn, og øvrige stillingar i økonomi er så pressa kapasitetsmessig på sitt eige fagområde at dei i liten grad kan kombinerast med innkjøp slik som på 90-talet.

Klepp kommune har ingen tilsette med formell utdanning innanfor innkjøps-/logistikk-/jus-området. Vår innkjøpskompetanse er erfaringsbasert; praktisk arbeide på området kombinert med sporadiske kurs og seminarer. Denne kompetansen er sjølvstøtt svært verdifull og viktig for kommunen. Men når det ikkje er tid/kapasitet til å bruke og vidareformidle denne kompetansen ut i organisasjonen så er vi like langt....

Som det framkjem i revisjonsrapporten så vert det likevel gjort ein god del koordineringsarbeide i høve til innkjøp – jf. omgrepet "den sentrale innkjøpsfunksjonen". Spesielt gjeld dette innkjøpssamarbeide med nabokommunane, og i den siste tida ein god del med e-

handel. Dette samarbeidet har gradvis auka i omfang. Og etter kvart har Klepp kommune aleine, eller i fellesskap med nabokommunar nytta Innkjøpsassistanse Vest (IAV). IAV har spesialkompetanse på offentlege anskaffingar.

Dette samarbeidet med nabokommunane og bruken av IAV er svært nyttig, og i mange tilfeller en dyd av nødvendighet.


## 8. Organisering - Desentralisert innkjøpsmodell

Rådmannen og leiargruppa er samde om at den desentraliserte innkjøpsmodellen skal vidareførast. Våre erfaringar er at denne modellen fungerer forholdvis godt i Klepp kommune. Modellen stiller imidlertid store krav til koordinering og samordning – ikkje minst å få alle involverte til å følgje dei lover, retningslinjer og rutiner som er satt sentralt og lokalt. Modellen inneber vidare at behovet for kompetanse gjeld for mange fleire tilsette/leiarar i kommunen enn i eit sentralisert opplegg.

Som nemnd framføre så er det ulike behov rundt omkring i etatane, og ulike behov avhengig av jobb-/tenestefunksjon. Behovet for kompetanse t.d. hos tilsette som berre gjennomfører bestillingar under inngåtte rammeavtaler, er eit anna enn hos dei tilsette som gjennomfører heile konkurransar og inngår kontraktar med leverandørar.

Gjennom ein desentralisert modell trur rådmannen at den den toveise kommunikasjonen glir lettare. Men gode informasjons-/kommunikasjonslinjer mellom etatane og sentral innkjøpfunksjon kjem likevel ikkje av seg sjølv. Dei må etablerast og vedlikehaldast.

### Prinsippskisse organisasjonskart innkjøp



## 9. Nærare om stillinga som innkjøpsleiar

Måla i innkjøpsstragien er retningsgjevande for innkjøpsleiar sitt arbeide. Målsettinga er at innkjøp i Klepp kommune skal gjennomførast slik at kommunen sine totale økonomiske interesser og dei samfunnsmessige aspekta blir i varetatt best mogleg.

I grove trekk vil innkjøpsleiar innkjøpsleiar sine oppgaver vera følgjande:

- Leie og koordinere all innkjøpsaktivitet i Klepp kommune  
Herunder ansvarleg for

- anbuds-/tilbudsrunder – og samordne konkurranseutsetting på investeringar i samråd med prosjektleiarar
- Rammeavtaler
- Utarbeiding/ajourhald av innkjøpshåndbok og innkjøpsstrategi
- Informasjon, opplæring og kompetanseheving på innkjøp
- Vidareutvikling av innkjøpsrutiner og -system - herunder oppfølging av digitale innkjøpsløysingar (e-handel/e-faktura), rapporterings-/avvikssystem m.v.
- Halde seg og organisasjonen oppdatert om lover og reglar på innkjøpsområdet
- Vedlikeholde og utvikle samarbeide med nabokommuner og andre

Rådmannen legg vidare til grunn at innkjøpsleiar også får ansvaret for innkjøp i sentraladministrasjonen – herunder anbudsrunder på varer og tenester innanfor IKT, pensjonsforsikring, revisjon og bankavtaler.

For å ivareta alle desse oppgavene meiner rådmannen det er behov for ei eige dedikert stilling. Stillinga må likevel kunne tilleggast andre oppgaver når det krevjast – t.d. rundt internkontroll og innkrevjing. Ut frå økonomiavdelinga si knappe bemanning forøvrig vil dette vera både naturleg og nødvendig.

Når det gjeld roller og ansvarsfordeling mellom innkjøpsleiar, etatane, innkjøpskoordinatorar og prosjektleiarar (investeringsprosjekt) så vil dette bli gjennomgått nærare i håndboka.

## 10. E-handelsplattformen: E-handel og e-faktura

Rådmannen meiner at den såkalla e-handelsplattformen representerer framtida for innkjøp og fakturering i kommunane, og elles i det offentlege. Bruk av elektroniske verktøy inngår som sentral del av innkjøpsstrategien for Klepp kommune. Målsettingane med elektronisk handel kan oppsummerast slik:

- Bedre innkjøp:** Auka lojalitet til inngåtte avtalar –Aggregere kunnskap om eigne innkjøp – Auka forhandlingsstyrke
- Enklare innkjøp:** Effektiv arbeidsflyt – Effektiv kommunikasjon
- Sikre innkjøp:** Redusere feil i ordreprosessen (korrekt ordre gir korrekt faktura) – Auke sporbarheta – Forebygja korrupsjon

Vi er i gang, og vidare satsing på e-handel vil vera ein vinn-vinn situasjon for oss. For å lykkjast kreves litt pisk og litt gulrot. Rådmannen har god tru på heilhjerta oppfølging og lojalitet frå organisasjonen.

Det store fleirtalet av avdelingane som har fått opplæring og tatt systemet i bruk ser fordelene – og er svært positive til den nye måten å gjere innkjøp på. Innføring av e-handel har redusert talet på innkjøpsaktørar. E-handel styrer innkjøpa mot inngåtte rammeavtaler. Bruk av "butikken på hjørnet", netthandel og andre innkjøpsvarianter vert mindre aktuelt. Resultatet er reduserte innkjøpskostnader. I tillegg gir høg avtalelojalitet større konkurranse om kontraktene i framtida. Prisene fell og ein oppnår ytterlegare vinstar.

Gjennom e-handel vert alle behov registert elektronisk der kor behovet oppstår – direkte inn i innkjøpssystemet. Tilviser godkjenner kjøpet før bestillinga vert sendt. Fakturaen vert kobla til bestillinga, og går direkte inn i rekneskapen utan å gå innom tilviser på ny. Tidskrevjande, papirbaserte rutinar vert redusert/elimintert, og alle involverte får frigjort tid til si kjerneverksemd.

Når det gjeld fakturerings-/betalingsrutinane så innførte Klepp kommune scanning av alle inngåande fakturaer frå 2001. Dette effektiviserer oppgjørsrutinene. Etter scanning av papirfaktura fordeles den elektroniske versjonen ut til bestiller/budsjettansvarleg. Bestillar/budsjettansvarleg attesterer for mottak, konterer og tilviser elektronisk. Fakturaen leggast på forfall, og betaling skjer ved filoverføring til bank på oppgitt dato.

Planlegginga av neste trinn – elektronisk faktura – er no godt i gang. Vi snakker her om full ”elektronisering” av faktura-/betalingsprosessen: Sending (frå leverandør), mottak (hjá bestillar)og behandling av faktura elektronisk.

Staten vil krevja elektronisk faktura frå sine leverandørar, og i Stortingsmelding nr. 36 heiter det m.a. at

- statlege verksemdar skal vera i stand til å motta elektronisk faktura på standardformat innan 1.juli 2010 – og
- kommunane vert pålagt å bruke same standardformat som staten innan 1.juli 2012.
- næringslivet skal påleggast å sende fakturaer elektronisk til offentlege verksemdar i standard format innan 1.juli 2012

Den statlege pisen om pålegg kombinert med vår eiga gulrot om effektiviseringsvinstar gjer at dette arbeidet bør ha stor merksemd framover. For å få dette til kreves auka kapasitet. I dag er den sentrale innkjøpsfunksjonen (les økonomiavdelinga) pressa og sårbar, særleg i innførings-/implementerings-fasen(e), kor ein ofte må organisere arbeidet som prosjekt.

## **11. Kunnskap og kompetanse**

Som nemnd framføre er Klepp kommune sin noverande kompetanse på innkjøpsområdet i stor grad ervervet gjennom praktisk arbeide. Mange av dei rammeavtalane vi har i dag er kome i stand gjennom samarbeide med andre kommunar – og til dels i samarbeide med IAV. Andre kjøps- eller tenesteavtaler er kome i stand på ”eige hånd” - i økonomiavdelinga og hjå andre behovshavarar. Nokre av desse med assistanse frå innleigd konsulent. Gjennom dette har man involverte opparbeidd seg verdifull kompetanse.

I nokon grad siv denne kompetansen ut i organisasjonen gjennom det samarbeide som pågår kontinuerlig, mellom ”den sentrale innkjøpsfunksjonen” og etatane. Kunnskapsoverføring og informasjon går begge vegar. Deltaking på kurs og seminarer om innkjøp er også viktige, og til dels heilt nødvendige arenaer for ny kunnskap og oppdatering.

Då lov og forskrift om offentlege anskaffelser vart innført rundt tusenårsskiftet blei det gitt opplæring om dette i kommunen. Det blei også gitt opplæring om vår interne innkjøps-håndbok som vart ajourført i kjølvatnet av loven.

Neste felles opplæring om lov- og regelverk på innkjøpsområdet vart gjennomført ca. ti år seinare - våren 2011 – i samband med mellomleiaropplæring i økonomi. Ca. 70 mellomleiarar deltok. Deretter blei det gjennomført opplæring om konkurranseutsetting/anbod for ca. 15 tilsette som arbeider med eller er involverte i slike saker. Rådmannen planlegger vidare oppfølging av mellomleiargruppa. I samling til hausten 2011 skal det m.a. gis nærare opplæring om kommunen sin innkjøpsstrategi, om e-handel, og rutinar omkring bruk av dette systemet.

Som det er påpeikt i rapporten er kompetanse eit nøkkelord for at regelverket omkring offentlege anskaffingar vert etterlevd. Leiinga i Klepp kommune har sett opplæring omkring økonomi og innkjøp på dagsorden. I tillegg er ein tilsett, som til dels arbeider med innkjøp i sin etat, fått gå på spesialopplæring (med studiepoeng) på innkjøp/offentlege anskaffingar.

Relevante tilsette må få oppfølging og påfyll. For nytilsette mellomleiarar, og andre som er involvert i innkjøp må slik opplæring setjast på dagsorden frå første dag.

Innkjøp vil framleis vera desentralisert, med innkjøpsleiar som sentral koordinator og bindeledd mellom leiargruppa (herunder etatsleiarar) og økonomiavdelinga. Rådmannen forventer at ein innkjøpsleiar skal setja opplæring og kompetanseoppbygging innanfor faget i system – jf. innkjøpsstrategien. Det er naturleg at fagdisiplinen innkjøp inngår i kommunen sin felles kompetanseplan.

Ein viser også til innkjøpsstrategien om kompetanse.

## **12. Innkjøpshåndbok**

Første utgave av innkjøpshåndbok for Klepp kommune vart utarbeida i 1996 – og blei behandla i formannskapet sak 249/96. I samband med ny lov om offentlege anskaffelser i 1999 vart håndboka revidert.

Håndboka er seinare ikkje ajourført, til tross for store endringar i lovverk og forskrifter dei siste 10-12 åra, med mange nye pålegg og endra bestemmelse. Vi har klart å holde oss ajour med endringane, og i stor grad fulgt desse opp i praksis – i det løpande innkjøpsarbeidet. Men ajourføring av håndboka har det ikkje vore kapasitet til.

I samband med forvaltningsrevisjonsrapporten har rådmannen organisert arbeidet gjennom økonomiteamet, med følgjande arbeidsfordeling:

- Sjølve saka - rådmannen si tilbakemeldinga på forvaltnings-revisjonsrapporten: Økonomisjefen
- Innkjøpsstrategi: Økonomikonsulenten i LU
- Innkjøpshåndbok: Økonomikonsulenten i helse, sosial og omsorg

Strategidokumentet er ferdig behandla og godkjent av leiargruppa tidlegare i år (26.04.11).

Innkjøpshåndboka framleis under utarbeiding. I grove trekk vil håndboka ha følgjande innhald:

- Overordna forhold
- Organisering – oppgåve-/ansvarsfordeling
- Regelverket omkring innkjøp
- Anskaffelse-/innkjøpsprosedyre og konkurransegjennomføring

I grove trekk kan ein sei at det berre er organiseringsdelen som gjenstår. Den desentrale organisasjonsmodellen ligg fast. Men ansvars-/oppgavefordelinga - i første rekkje mellom sentral innkjøpseining og etatane - må avklarast i vårt interne regelverk.

I tilhøvet mellom mellom innkjøpskoordinatorane og innkjøpsleiar vil det reise seg mange spørsmål. Til dømes:

- Kven skal einingane ute i etatane (avdelingsleiarar/rektorar/styrarar m.v.) forholde seg til når det gjeld dei mest sentrale innkjøpsoppgavene ?
- Kven gjør kva når det er behov for ny rammeavtale og/eller anbudsrunde t.d. ute i skulane eller heimhjelpsdistrikta ?
- Kven påser lojalitet til rammeavtaler ? Kven rapporterer avvik – og til kven ?
- Info og opplæring om nye reglar/endringar i regelverk m.v. Kva inngår i felles-opplæringa – og kva må ev. etatane sjølv (innkjøpskoordinatorane) ta seg av ?

Rådmannen ønskjer heller ikkje å leggja fram eit ferdigsydd reglement i denne saka. Det ville vera å foregripe saka - ikkje minst i spørsmålet om oppretting av foreslått ny stilling. Arbeidet med siste bolken, reglar for ansvars-/arbeidsfordelinga, må forøvrig påreknast å ta litt tid. Rådmannen ser ikkje vekk frå at nærare tilpassing og justering av reglementet må utstå til ev. innkjøpsleiar er på plass.

### **13. Internkontroll og etikk**

Gjennom dei siste ti-femten åra er det avdekkja fleire tilfelle av korrupsjon i heil-og halv-kommunale verksemder i Norge. Misleghetene er begått av betrodde medarbeidarar og leiarar med vide fullmakter, og er i stor grad gjort i samanheng med innkjøp. M.a. ved at private kjøp og tenester er kamouflerte og/eller "feilfakturert" og betalt av kommunen - gjerne i samarbeide med korruperte leverandører.

Slik kriminell verksemd må forebyggjast og forhindrast. Forhindrast gjennom system som gjør det vanskeleg å utføre mislegheter, og rutinar som lettare fangar opp og avdekker forsøk på mislegheter.

Vår hovudmedisin for å motvirke slik kriminalitet er kanskje fyrst og framst ved at dei ulike trinna i innkjøpskjeda vert lagt på fleire hender.

Samstundes må ein kontrollere at denne rolledelinga vert fulgt i praksis. Det er tilviser som vanlegvis har ansvar for denne siste kontrollen. Systemet baserer seg uansett på tillit, og dersom denne eller andre instansar svikter/har gale haldningar har kommunen eit problem.

Gale haldningar må difor forbyggjast. I kjølvatnet av nemnde misligheter har kommunesektoren, statsetatar og andre offenlege instansar hatt sterk fokus på etikk og haldningar i

organisasjonen. Svært mange kommunar har revidert og innskjerpa sine etiske reglement i løpet av dei siste åra.

\*\*

I Klepp kommune meiner rådmannen vi har ei bevisst og god haldning til desse problemstillingane. Vi har etablert tilfredsstillande rutiner i alle ledda i innkjøpskjeda – gjennom prinsippet om å skille rollene. I prinsippet er det slik at den som bestiller ikkje kan anwise. E-handelssystemet som er under implementering er bygd opp ut frå dette. Ingen fakturaer vil gå gjennom systemet utan at ein overordna/bemyndiget har tilvist den. Dvs. ein annan enn bestiller. Jo fortare vi får tatt systemet i bruk i heile organisasjonen, jo mindre sjanse for misleghald i samband med innkjøp.

Klepp kommune sitt etiske reglement blei sist revidert i 2008. Reglementet er relativt kort. Ein har lagt vinn på at det skal få plass på ei sida, og dermed kunne bli hengt opp som plakat eller oppslag. Reglementet inneheld ikkje punkt som direkte omtaler innkjøp. Men bodskapen er likevel klår i handlingreglar, første strekpunkt:

- *Tilsette skal unngå personlege fordelar som kan påverka haldningar, sakbehandling eller vedtak*

og at lojalitet skal vera knytta til m.a.:

- *Økonomireglement – økonomidisponering*

I opplæringsplanen for innkjøp, som rådmannen meiner må bli ein del av kommunen sin felles kompetanseplan, må bevisstgjøring omkring etikk inngå.

#### **14. Avvikssystem**

Som nemnd under pkt. 11 vil rådmannen leggja fram eit nytt og oppdatert innkjøpsreglement. Målsettinga er at det skal vera overenskomst mellom retningslinjene og den praksis som vert fulgt på innkjøpsområdet. Relementet vil ha organisering, regelverk og anskaffelse-/ anbudsprosessen som hovudpunkt.

Gjennom utdyping av desse punkta forutsetter rådmannen at reglementet (eller håndboka) har ei form og eit innhald som gir grunnlag for systematisk avviksvurdering. I innkjøpsstrategien har vi følgjande mål-/avviksområde:

- Innkjøpspris kontra livsløpskostnad, miljøomsyn, etisk handel, universiell utforming, gunstige avtaler og kostnadseffektivitet i innkjøpsprosessen

Også i høve til område som lojalitet (til t.d. rammeavtaler) og brot på internt og/eller offentlig regelverk bør det etablerast eit rapporterings-/avvikssystem. Rådmannen legg til grunn at dette vil vera ein del av arbeidet for innkjøpsleiar.

## 15. Handlingsplan

Handlingsplan i tilknytning til strategiplanen følger saka som vedlegg. Rekkjefølge og tidspunkter er retningsgjevande.

## 16. ".....påvist brot på Lov om offentlege anskaffingar og anskaffingar som elles ikkje er i tråd med lova"

Rådmannen viser til vedtak i kommunestyret i saka - gjengitt på første side. Punkt 2 i vedtaket refererer seg til test av 10 utvalde anskaffingar. Testen som er vedlegg 1 i revisjonsrapporten viser følgjande resultat:

- To testar er merka grøn, og er i samsvar med regelverket
- Sju testar er gule, og er ikkje i samsvar med regelverket. Men brota er ikkje identifisert som alvorlege.
- Ein av testane er merka raudt i rapporten, og betyr alvorleg brot på regelverket.

I vedlegg 1 er det også redegjort for kva utfallet av testane blei – sjå merknad. Alle innkjøpa er gjennomgått, og fem protokoller (gule testar) som mangla er i etterkant framskaffa. Elles er det gitt forklaring på to gule testar.

Den raude testen, som i utgangspunktet fikk merkelappen "manglande konkurranseeksponering" viser seg å ha lovleg utlysing og avtale frå 2009. Første året, 2008, blei imidlertid tenesteleveransene feilaktig basert kun på gammel rabattavtale. Dette beklager rådmannen.

Rådmannen har tatt testane og rapporten til etterretning. Alle dei åtte tilfella av antatte feil/lovbrot er som nemnd gjennomgått nøye. Dei fleste av desse kunne vore unngått om dokumentasjon var lagt i arkivet, og ikkje i "ei skuff".

Rådmannen har innskjerpa rutinane.

Kleppe, 30.08.2011

Svein Tore Åtland  
rådmann

Viggo Johansen  
økonomisjef

Arkivsak : 200800326  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 14.04.2011	<b>Utvalgssaksnr.</b> 21 / 2011
---------------------------------------------------------	-------------------------------	------------------------------------

## **OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLL I IVAR IKS**

### **Bakgrunn:**

Denne rapporten vart behandla våren 2010, med vedtatt oppfølging i 2011.

Av rapportens anbefalingar knytt direkte til eigarkommunane, var følgjande aktuelt for Klepp kommune:

- Eigarkommunane bør utarbeida ein felles eigarstrategi for selskapet.

Anbefalingar overfor selskapet var:

- Selskapet må ajourføre selvkostfondene og skille renovasjonsfondet i en selv-kostdel (husholdningsavfall) og en næringsdel (næringsavfall).
- Selskapet bør tegne styreforsikring for det økonomiske ansvaret.
- Selskapet bør avvikle ordningen med lån til ansatte.

### **Saksutredning:**

Sekretariatet er via tilbakemeldingar både frå Klepp og frå andre eigarkommunar kjent med at ein har starta arbeidet med utarbeiding av felles eigarstrategi i selskapet, denne skal i følgje planen sluttbehandlast i dei respektive by- og kommunestyra i løpet av 2011

Sekretariatet har i tillegg mottatt tilbakemelding frå IVAR IKS datert 17.01.2011. Det vises her til representantskapets behandling av rapportens anbefalingar, der det er fatta vedtak om følgjande:

- IVAR har teikna styreforsikring for det økonomiske ansvaret
- Representantskapet har overlate til styret å ta stilling til ordninga med lån til tilsette. Styret har vedtatt at ordninga med lån til tilsette fortsetter på same vilkår som i dag
- Selskapets revisor (KPMG AS) er engasjert for å finna ut om – og eventuelt korleis – ei justering av sjølvkostfonda kan gjennomførast.

Det er også frå selskapets side gitt tilfredsstillande tilbakemelding på rapportens anbefalingar. Det vert registrert at anbefalinga om å avvikle lån til tilsette ikkje er fylgt, men dette har vært overlate til styret å ta stilling til. Ein kan heller ikkje sjå at det er noko lovforbod mot å ha den praksisen styret har valt.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar framlagde tilbakemeldingar om oppfølging av kommunestyrets vedtak til etterretning.

Saka vert vidaresendt kommunestyret til orientering.

SANDNES, 23.08.2011

Wencke S. Olsen  
daglig leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:  
[Brev frå IVAR IKS](#)

**Fra:** Pedersen, Kjell Øyvind [mailto:kjelloyvind.pedersen@ivar.no]  
**Sendt:** 17. januar 2011 15:21  
**Til:** Olsen, Wencke Sissel  
**Kopi:** Ordfører i Sandnes Kommune  
**Emne:** SV: Oppfølging av selskapskontroll i IVAR IKS

Hei,

vårt svar er følgende;

Ref. anbefaling;

- *Selskapet bør tegne styreforsikring for det økonomiske ansvaret*

Saken ble behandlet i IVARs representantskap 19. feb., 2010, med følgende vedtak;

- "Representantskapet stiller seg positive til at relevant styreforsikring opprettes"

***IVAR har tegnet styreforsikring.***

Ref. anbefaling;

- *Selskapet bør avvikle ordningen med lån til de ansatte*

Saken ble behandlet i IVARs representantskap 19. feb., 2010, med følgende vedtak;

- "Representantskapet kjenner til at dette er en ordning som er opprettet av styret i selskapet og overlater derfor til styret og behandle denne saken"

I styremøte 4. juni, 2010, sak S 13/2010 fattet styret følgende vedtak:

- "Ordnningen med lån til ansatte fortsetter til samme vilkår som i dag."

***I tråd med styrets og representantskapets vedtak fortsetter ordningen med lån til ansatte.***

Ref. anbefaling;

- *Selskapet må ajourføre selvkostfondene og skille renovasjonsfondet i en selvkostdel (husholdningsavfall) og en næringsdel (næringsavfall)*

Saken ble behandlet i IVARs representantskap 19. feb., 2010, med følgende vedtak;

- "Representantskapet forstår kommentarene i rapporten, og ser viktigheten av en klargjøring av dette, men ser samtidig at regnskapsmessig behandling av selvkostfond i forbindelse med fortjeneste fra mottak av næringsavfall er annerledes enn regnskapsmessig behandling av de øvrige selvkostfond. Representantskapet ser også at det ikke nødvendigvis er helt klare juridiske oppfatninger av problemstillingen. Representantskapet ber om at selskapets revisor (KPMG AS) engasjeres for å finne ut om – og eventuelt hvordan – en slik justering av selvkostfond kan gjennomføres. En eventuell justering av selvkostfond skal i så fall gjennomføres senest innen avleggelse av årsregnskapet for 2010."

***IVAR har engasjert selskapets revisor (KPMG AS) som vedtatt i representantskapet. Saken er meget kompleks og komplisert. Selskapet/KPMG AS har også dialog med Revisjonen IKS for å nå en omforent forståelse og løsning. Selskapet forholder seg til representantskapets vedtak med ambisjon om at saken skal være gjennomført innen avleggelse av årsregnskapet for 2010.***

Vi håper at svaret ovenfor er fyllestgjørende og beklager at deres brev datert 26. nov., 2010 ikke er besvart tidligere. Det har hatt sammenheng med at vi måtte gjennomføre vesentlige avklaringer, for å finne, og forhåpentligvis kunne presentere en løsning på punktet vedr. selvkostfondene.

Med vennlig hilsen

**Kjell Øyvind Pedersen**

Adm. dir.

tlf. dir.: 51 90 85 05  
mob.tlf.: 93 48 85 05  
telefaks: 51 90 85 01  
E-post: [kop@ivar.no](mailto:kop@ivar.no)

IVAR IKS  
Postboks 8134  
4069 Stavanger  
[www.ivar.no](http://www.ivar.no)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200900009  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 08.09.2011	<b>Utvalgssaksnr.</b> 22 /2011
---------------------------------------------------------	-------------------------------	-----------------------------------

## **UTVELGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT FOR 2012**

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet behandla på møte den 16. juni sak ang. bestilling av prosjekt for levering i 2012.

Saken vart vedtatt utsett, då man ønska å få tilsendt tidligare gjennomført rapport innanfor SFO før kontrollutvalet tok endelig stilling til kva for prosjekt man ønskjer å prioritera.

### **Saksutredning:**

Sekretariatet har bedt Klepp kommune om å få oversendt den omtalte forvaltningsrevisjons-rapporten frå SFO. Vi har fått tilbakemelding om at den omtalte rapporten ikkje omhandlar SFO, men går på økonomiske disposisjonar. Ved utsending av sakene har vi ikkje mottatt rapporten, då dei ikkje har klart å finna den i arkivet. Dersom vi får den tilsendt, vil den bli ettersendt kontrollutvalet på e-post.

For fullstendig oversikt over kva for prosjekt som er prioritert i planen, vises det til vedlagte sak frå forrige møte.

Forslag til

### **VEDTAK:**

**Kontrollutvalet ber revisor leggja fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxx" for det nye kontrollutvalet hausten 2012.**

SANDNES, 06.07.2011

Wencke S. Olsen  
daglig leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:  
[Sak 14/2011](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

**KOPI TIL MØTE 08.09.2011**

Arkivsak : 200900009  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 16.06.2011	<b>Utvalgssaksnr.</b> 14 /2011
---------------------------------------------------------	-------------------------------	-----------------------------------

**UTVELGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT FOR 2012**

**Bakgrunn:**

Ifølgje Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar vert kommunane pålagt å gjennomføra minst eitt forvaltningsrevisjonsprosjekt årleg. Kontrollutvalet er og pålagt å laga ein plan for forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon for inneverande periode vart vedtatt av kommunestyret i Klepp den 9. februar 2009.

**Saksutredning:**

Pga den økonomiske situasjonen valde kontrollutvalet – som eit unntak – å bestilla eit prosjekt som gjekk over to budsjettår ; 2010 og 2011. Det gjaldt rapporten ”prosjektstyring”.

I den vedtatte planen er desse prioriterte prosjekta sett opp for perioden:

**GRUPPE 1**

<b>Prioritet</b>	<b>Prosjekt</b>	<b>Status:</b>
1	<b>Innkjøp</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering og rutinar</li><li>• Regeletterleving</li><li>• Kompetanse</li></ul>	<b>Rapport bestilt og behandla</b>
2	<b>Prosjektstyring</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar</li><li>• Retningslinjer</li></ul>	<b>Rapport bestilt og behandla</b>
3	<b>Tilpassa opplæring og spesialundervisning</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Regeletterleving</li><li>• Forholdet mellom skule og OT/PPT</li></ul>	<b>Ikkje bestilt</b>
4	<b>PPT</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering og rutinar</li><li>• Kapasitet og kompetanse</li><li>• Regeletterleving</li></ul>	<b>Ikkje bestilt</b>
5	<b>Psykiatri</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering og rutinar</li><li>• Kapasitet</li><li>• Regeletterleving</li><li>• Samhandling med andre relevante instansar</li><li>• Rushandtering</li></ul>	<b>Ikkje bestilt</b>

Av dei prioriterte prosjekta er desse framleis ikkje gjennomført:

- Tilpassa opplæring og spesialundervisning
- PPT
- Psykiatri

Planen inneheld i tillegg ei opplisting av uprioriterte forslag, sjå vedlegg.

Det vil vera nærliggjande at kontrollutvalet velgjer ut eit av de gjenverande prioriterte prosjekta. Kontrollutvalet er imidlertid gitt mynde frå kommunestyret til å oppdatera eller endra planen ved behov. Kontrollutvalet kan derfor òg velja å ta prosjekt frå uprioritert liste eller ta inn eit heilt nytt prosjekt og prioritera for levering i 2012.

Forslag til

#### VEDTAK:

Kontrollutvalet ber revisor leggja fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxx" for det nye kontrollutvalet hausten 2012.

SANDNES, 03.06.2011

Wencke S. Olsen  
Sekr.leder

Vedlegg:  
Utdrag frå Plan for forvaltningsrevisjon 2009-12.

Arkivsak : 200800123  
Arkivkode : E: 144  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalet i Klepp	<b>Møtedato</b> 08.09.2011	<b>Utvalgssaksnr.</b> 23 /2011
--------------------------------------------------------	-------------------------------	-----------------------------------

## **BESTILLING AV OVERORDNA ANALYSE, NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON FOR PERIODEN 2013 - 2017.**

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet skal ifølge føreskrifta for kvar periode vedta ein Plan for forvaltningsrevisjon som skal gjelda for heile perioden. Planen kan oppdaterast innafor perioden når kontrollutvalet måtte ønskje det, og i tråd med kommunestyrets vedtak knytt til planen. Det skal difor utarbeidast en ny Plan for forvaltningsrevisjon i løpet av 2012, med siste frist for kontrollutvalet til å vedta ny plan 31.12.2012. Planen skal endelig godkjennast av kommunestyret.

Denne planen skal etter føreskrifta § 10, 2. ledd baserast på ein **overordna analyse**, som skal vera med og danna grunnlag for prioriteringane i den nye planen.

### **Saksutgreiing**

Norges KommuneRevisorForbund (NKRF) har lagd ein rettleiar for gjennomføring og utarbeiding av overordna analyse. I tillegg vart det i rapporten ”85 tilrådingar om styrkt eigenkontroll” framheva kor viktig det er med gode analysar, då med spesiell vekt på risikovurderingar. Her står det bl.a.:

*Svara på kva god eigenkontroll bør vere i dag og framover, kan ein finne gjennom å analysere risikoane kommunane står overfor, og på det grunnlaget prioritere og utvikle internkontrollen, rekneskapsrevisjonen, forvaltningsrevisjonen og selskapskontrollen til å bli så effektive kontrollformer som mogleg.*

I tillegg er temaet òg drøfta i kapittel 6 i den nylig utgitte ”Kontrollutvalsboka”.

Felles for disse er at det vert fokusert spesielt på kor viktig det er med gode risikovurderingar. For å få en overordna analyse som er tilpassa den enkelte kommune, er det derfor viktig at man tar omsyn til spesielle særtrekk og risikofaktorar i den enskilde kommune i tillegg til dei meir generelle samfunnsmessige risikomoment/utviklingstrendar.

Ifølge rettleiaren kan det på eit overordna nivå vera aktuelt å vurdere risiko og vesentleghet ut frå følgjande fire perspektiv:

1. Fungerer lokaldemokratiet som føresett i kommunelova?
2. Produserer kommunen dei tenestene innbyggjarane har krav på, og skjer myndigheitsutøving og produksjon på ein rasjonell og effektiv måte?
3. Bidrar kommunen gjennom si verksemd til ei bærekraftig utvikling?
4. Har kommunen en tillitsskapande forvaltning som bygger på ein høg etisk standard?

Risiko- og vesentlighetsvurderingane kan gjerast på forskjellige måter. I NRKF sin rettleiar vert det skissert kva for teoretisk grunnlag som kan nyttast. Rettleiaren tilrår at følgjande element bør inngå i en overordna analyse:

- *Mål for den kommunale verksemda, herunder lovpålagte oppgåver*
- *Risikofaktorar som kan medføre uønska hendingar som kan hindre måloppnåing*
- *Risikovurdering:*

- *Konsekvensane dersom hendinga inntreff*
- *Kor sannsynleg er det at hendinga inntreff*
- *Risikoreduserande tiltak*
- *Vesentlegheitsvurdering*

Kontrollutvalet i Klepp har tidlegare gjennomført desse vurderingane via eit "risikospel" som vart lagt fram av revisor, og har vore godt nøgde med den prosessen. Etter denne gjennomgangen har det peika seg ut ein del område/aktuelle prosjekt som bør bli gjenstand for nærare vurderingar, og dermed er aktuelle å ha med i plan for forvaltningsrevisjon.

For å få ein god prosess i kontrollutvalet med utveljing av de mest aktuelle prosjekta, er det nødvendig å starta denne prosessen på eit av de første møta i 2012. Prosessen vil i tillegg til den overordna analysen også innebera kontakt med og informasjon frå både det politiske og administrative miljøet. Det vert difor foreslege at overordna analyse vert levert til første møte i 2012.

For Klepp sin del vil det seie at analysen bør liggja føre seinast 31. januar, då det første møte i kontrollutvalet våren 2012 truleg blir i midten av februar. Om ønskeleg kan kontrollutvalet òg ha ekstramøte(r) i samband med uarbeiding av planane.

Forslag til

#### VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Klepp ber Deloitte AS lage ein overordna analyse til bruk ved utarbeiding av ny Plan for forvaltningsrevisjon i 2012.](#)

[Analysen bør liggja føre seinast 31. januar 2012.](#)

SANDNES, 20.08.2011

Wencke S. Olsen  
daglig leder

[Tilbake](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800109  
Arkivkode : E: 151  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 08.09.2011	<b>Utvalgssaksnr.</b> 24 /2011
---------------------------------------------------------	-------------------------------	-----------------------------------

**BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2012. KONTROLL-  
UTVALETS BUDSJETTFRAMLEGG**

**Bakgrunn:**

Forskrift om kontrollutvalg pålegg kontrollutvalet å utarbeida forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Iflg. same forskrift skal kontrollutvalet sitt budsjettforslag vera kjent for kommunestyret når budsjettet blir lagt fram. Budsjettet skal omfatta alle utgifter forbundne med kontrollutvalet sitt arbeid. Kontrollutvalets ansvar for eige budsjett medfører òg ansvar for rekneskapsoppfølging.

**Saksutredning:**

I følgje same forskrift vert kommunen pålagd å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar derfor *lovpålagte oppgåver*.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovudpunkt: Utgifter til revisjon, til sekretariat og kontrollutvalet sitt arbeid (godtgjersle, kurs- og reiseutgifter m.m.)

***Kontrollutvalet sine utgifter***

Kontrollutvalets utgifter er godtgjersle til kontrollutvalets medlemmer, utgifter til kjøring/ transport, kurs m.m. Budsjettet for 2011 vart styrka av kommunestyret, og kontrollutvalet valde då å la desse midla gå til styrking av denne delen av budsjettet, då fleire av postane her har vore underbudsjettet over fleire år. Føreslåtte endringar er interne justeringar innafor justert budsjett for 2011 utan forslag om ytterlegare endringar.

***Sekretariat***

Kommunen har inngått avtale om kjøp av tenester frå Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS. Avtalen går ut 31.12.2011 med eitt års opsjon, men det er gitt tilbakemelding om at man er innstilt på å nytta opsjonen, slik at avtalen då varer ut neste år.

Sekretariatet har ansvar for saksutgreiing, sekretariatsarbeid, arkivering og alt øvrig arbeid knytt til kontrollutvalet si verksemd. Kommunen betaler timepris for dette arbeidet, som iflg. avtale skal justerast årlig i høve til KS sine anbefalingar m.o.t. løns- og prisjustering i kommunane. Sekretariatets styre har behandla budsjett for 2012 på møtet den 26. august, og vedtok då å ikkje auka timeprisen for 2012. Det er derfor ikkje foreslått endringar på dette området ut frå justert budsjett for 2011.

### **Revisjon**

Kommunen har inngått avtale om kjøp av tenester frå revisjonsfirmaet Deloitte AS. Denne avtalen går og ut 31.12.2011, men har to års opsjon (1+1 år). Det er gitt tilbakemelding om at man ønskjer å nytta seg av denne opsjonen.

Budsjettet omfattar i grove trekk utgifter til vanleg rekneskapsrevisjon og momskompensasjon, attestasjonar og forvaltningsrevisjon i høve til planar vedtatt av kommunestyret

Revisors budsjettforslag er justert i høve til konsumprisindeksen, som pr. mai 2011 var på 1,6 %. Prisane er derfor justert med ca. 2%. Elles er kontrollutvalet sitt vedtekne budsjett til forvaltningsrevisjon for 2011 for lågt til å kunne gjennomføra lovpålagd årleg forvaltningsrevisjon, og dermed ikkje i tråd med gjeldande lov/forskrift. Denne posten er derfor dobla i forslaget. Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret sjå til at administrasjon og politikar etterlever lover og forskrifter, og bør derfor ikkje sjølv bryta desse. Det er og foretatt bestilling av lovpålagt prosjekt for 2012 til ein pris av ca. kr. 200.000,-.

### **Oppsummering - samla budsjettforslag**

Sett opp mot justert budsjett for 2011 er det kun posten til forvaltningsrevisjon samt justering av utgifter til revisjon i høve til inngått avtale som er auka i budsjettet. Ut over dette er det ikkje foreslått auke på nokon av områda. Auken i revisjonsutgiftene skuldast først og fremst underbudsjettering og ikkje auka kostnader totalt sett.

Forslag til

#### **VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet i Klepp tilrår eit samla budsjett for kontroll og tilsyn for 2012 på i alt kr. 819.000,- ekskl. mva.
2. Kontrollutvalets budsjettforslag bes lagt fram for kommunestyret i samband med budsjettbehandlinga, jfr. Forskrift om kontrollutvalg § 18.

SANDNES, 18.08.2010

Wencke S. Olsen  
sekretariatsleder

[Tilbake](#)

Vedlegg:  
[Budsjettoversikt](#)



## KLEPP KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

Budsjett for kontroll og tilsyn 2011 (revisjon og kontrollutval)

### Ansvar 1200 Teneste 1002: Kontrollutval

Art		Vedtatt budsjett		Kontrollutvalets Budsjettforslag 2012
		For 2011	Rekneskap 2010	
1080	Godtgj. folkevalde	116 000	74 400	95 000
1099	Arbeidsgiveravgift	0	10 490	14 000
1100	Kontorutgifter	2 000	0	
1150	Oppl�ring/kurs	5 000	11 272	14 000
1160	Reiseutgifter og diett	1 000	1 000	1 000
1370	Kj�p tenester andre (sekretariat)	150 000	150 000	150 000
1429	Merverdiavgift som gir rett til moms-kompensasjon	-28 000	32 307	
	Brutto driftsutgifter	302 000	257 806	274 000
1729	Komp. moms, p�l�pt i driftsregnskapet	-28 000	-32 307	
	<b>Netto driftsutgifter ansvar 1200</b>	<b>274 000</b>	<b>225 499</b>	<b>274 000</b>
<b>Ansvar 1100 – Teneste 1010 Revisjon</b>				
Art				
1146	Fordelte fellesutgifter	15 000	15 000	15 000
1352	Revisjon rekneskap/attest.	320 000	319 898	330 000
1356	Forvaltningsrevisjon	100 000	100 000	200 000
1370	Kj�p av tenester fr� andre			
1429	Merverdiavgift som gir rett til moms-kompensasjon	100 000	104 975	
	Brutto driftsutg.	535 000	539 873	545 000
1729	Komp. moms, p�l�pt i driftsregnskapet	-100 000	-104 975	
	<b>Netto driftsutgifter ansvar 1100</b>	<b>435 000</b>	<b>434 898</b>	<b>545 000</b>
<b>Samla budsjett for kontroll og tilsyn</b>		<b>709 000</b>	<b>660 397</b>	<b>819 000</b>

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800160  
Arkivkode : E: 285  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 08.09.2011	<b>Utvalgssaksnr.</b> 25 /2011
---------------------------------------------------------	-------------------------------	-----------------------------------

## **REVISORS UAVHENGIGHETSERKLÆRING 2011**

### **Bakgrunn:**

Kommunelovas § 79 og Forskrift om revisjon (revisjonsforskriften) kap. 6 (§§ 13 – 15) slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal ha ført ein heiderligandel.

Forskrifta slår og fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet.

### **Saksutredning:**

Den som foretar revisjon etter denne forskrifta kan ikkje

- inneha andre stillinger hos kommunen eller fylkeskommunen eller i virksomhet som den kommunen eller fylkeskommunen deltar i ved siden av revisoroppdraget.
- være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i.
- delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiverne eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon.
- utføre rådgivnings- eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, dersom dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet.
- yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges egne ledelses- og kontrolloppgaver.
- opptre som fullmektig for den revisjonspliktige. Unntak fra dette gjelder ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.

I følge revisjonsforskriftas § 15 skal oppdragsansvarleg revisor *kvart år*, og elles ved behov, gi ei skriftlig eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet. Krav til uavhengighet og objektivitet gjeld og for revisors medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å leggja fram ei skriftlig vurdering for kontrollutvalet.

Sekretariatet har motteke vedlagte erklæring, der revisor gjer greie for sin uavhengighet overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i revisjonsforskrifta. Det går her fram at det ikkje ligg føre noko som tilseier at revisor ikkje er uavhengig i forhold til Klepp kommune.

Erklæringa vert gitt på revisors eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men tas til orientering.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar den framlagde uavhengighetserklæringa for 2011 frå oppdragsansvarleg revisor i Klepp kommune til orientering.

SANDNES, 14.08.2011

Wencke S. Olsen  
Skr.leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:  
Revisors uavhengighetserklæring

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 201000027  
Arkivkode : E: 037  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 08.09.2011	<b>Utvalgssaknr.</b> 26 /2011
---------------------------------------------------------	-------------------------------	----------------------------------

**FORLENGING AV AVTALE OM KJØP AV REVISJONSTJENESTER -  
BRUK AV OPSJON**

**Bakgrunn:**

Klepp kommune inngjekk i 2008 ein 4-årig avtale om kjøp av revisjonstenester frå Deloitte AS, frå 01.05.2008 til 01.05.2012, med opsjon for eitt års forlenging. Opsjonen kan om ønskjeleg forlengjast med nok eit år, jfr. denne formuleringa frå vedtaket:

*"Kontraktens varighet er 4 år fra 1.mai 2008 med opsjonsrett i 1 + 1 år."*

**Saksutredning:**

Ifølge forskrifter er det kontrollutvalet som skal uttale seg til kommunestyret om revisjonsordninga. Spørsmål om forlenging av avtalen ut opsjonsperioden må derfor leggjast fram for kontrollutvalet for uttale.

Sekretariatet har fått tilbakemelding frå administrasjonen i Klepp kommune om at man er godt nøgd med den revisjonsordninga man har i dag, og derfor ønskjer å nytte seg av den avtalte opsjonen. Nåverande revisorar har etter kvart blitt godt innarbeidd, og vert vurdert som dyktige i forhold til revisjon i kommunen. Ifølge administrasjonen er det sannsynligvis også marginalt å tene i kroner og øre på nye rundar. Ei konkurranseutsetting vil og kunne føre til at man må forhalda seg til heilt nye personar. Frå administrasjonens side meiner man at det derfor er unødvendig å gå ein ny runde med konkurranseutsetting før man må.

Den omtale muligheten for forlenging av avtaleperioden er ein del av den inngåtte kontrakten, slik at det derfor ikkje er noko juridisk i vegen for å forlenge avtalen ut opsjonsperioden. Det har heller ikkje kome nokre moment som skulle tilseie at det er påkravd å gå ein ny runde om innkjøp av revisjonstenester med ein gong kontraktsperioden går ut.

Proessen med innkjøp av revisjonstenester skal ifølge forskrift ikkje utføres av den reviderte part – i dette tilfellet kommunen. Forskrifta slår fast at det er kontrollutvalet som skal fatte tilrådande vedtak overfor kommunestyret i denne saka. I dei aller fleste kommunar er det vanleg at kontrollutvalets sekretariat kjører denne prosessen saman med kontrollutvalet – og samarbeider med kommunen om konkurransegrunnlaget. Ein slik prosess har vært kjørt i Time kommune. Kommunen kan alternativt kjøpe denne tenesta frå eit eksternt firma.

For å få ein god overgang til en ny periode, vert det føreslått at man startar denne prosessen i god tid før den omtalte opsjonsperioden går ut, som er den 01.05.2013. Saken bør vere ferdig til første møte i kommunestyret i 2013 dersom man ikkje ønskjer å forlengje kontrakten og ut siste opsjonsåret. Det vil i så fall vere nødvendig å starte denne prosessen våren 2012.

Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret i denne saka.

Forslag til

VEDTAK:

- Kommunestyret i Klepp går inn for å forlenge avtalen om kjøp av revisjonstenester frå Deloitte AS ut opsjonsperioden, som går fram til 30.04.2013.
- Kontrollutvalets sekretariat bes om å innhente tilbod på revisjonstenester gjeldande frå 1. mai 2013.

SANDNES, 22.08.2011

Wencke S. Olsen  
Daglig leder

[Tilbake](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800001  
Arkivkode : E: 033  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 08.09.2011	<b>Utvalgssaksnr.</b> 27 /2011
---------------------------------------------------------	-------------------------------	-----------------------------------

**EVALUERING AV KONTROLLUTVALETS ARBEID I INNEVERANDE PERIODE - OPPSUMMERING**

**Bakgrunn:**

Kontrollutvalet gjennomførte på forrige møte ei evaluering av utvalets arbeid i perioden. Ifølge vedtaket skal sekretariatets oppsummering leggst fram for kontrollutvalet på neste møte.

**Saksutredning:**

Det vert vist til vedlagde oppsummering av dei innspel som kom fram på forrige møte. Det er framleis fritt for kontrollutvalet til å komma med eventuelle tillegg til denne.

Endelig oppsummering av kontrollutvalets erfaringar frå den perioden som har gått vil bli gitt vidare til neste utval i samband med opplæring hausten 2011.

Forslag til

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet ber sekretariatet vidareformidla kontrollutvalets oppsummering av sine erfaringar frå perioden til det nyvalde utvalet hausten 2011.

SANDNES, 24.07.2011

Wencke S. Olsen  
daglig leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:

Oppsummert evaluering

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800153  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 08.09.2011	<b>Utvalgssaksnr.</b> 28 /2011
---------------------------------------------------------	-------------------------------	-----------------------------------

## **STATUSOVERSIKT PR. SEPTEMBER 2011**

### **Bakgrunn:**

Sekretariatet legg til kvart møte fram ei orienteringssak som viser oversikt over status på forvaltningsrevisjonsprosjekt, selskapskontrollar og evt. andre prosjekt/utgreiingar som er bestilt av kontrollutvalet. Oversikta viser kva for ferdigstilte prosjekt som har vorte behandla og sendt over til kommunen, og når desse skal følgjast opp av kontrollutvalet. Til slutt vil det komma ei oversikt over kva for prosjekt som er heilt ferdigbehandla av kontrollutvalet i den inneverande perioden.

### **Saksutredning:**

Alle prosjekta som kontrollutvalet bestiller skal vera med bakgrunn i planer som er vedtatt av kommunestyret, eller med bakgrunn i pålegg frå kommunestyret. Både ny Plan for forvaltningsrevisjon og ny Plan for selskapskontroll for den inneverande kommunestyre- perioden er vedtekne av kommunestyret i Klepp.

Til dette møtet ligg det føre sak om bestilling av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt for levering i 2012.

Forslag til

### **VEDTAK:**

[Kontrollutvalet i Klepp tar statusoversikt pr september 2011 til orientering.](#)

SANDNES, 01.08.2011



Wencke S. Olsen  
Sekr.leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:  
[Statusoversikt](#)



## Kontrollutvalet i Klepp

### Oversikt over status prosjekt og kontrollar – juni 2011

#### *Vedtekne prosjekt under arbeid:*

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Vedtatt igangsett</i>	<i>Estimert timeforbruk</i>	<i>Status/forventa ferdigstilt til</i>
<i>Selskapskontrollar</i>			
Brannvesenet i Sør- Rogaland IKS	02.12.10	10 t	<i>Til behandling</i>
Nord-Jæren Bompengeselskap AS	02.12.10	30 t	

#### *Prosjekt behandla i kontrollutvalet som venter på oppfølging eller er ferdigbehandla:*

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Bestilt</i>	<i>Behandla</i>	<i>Oversendt kommunen</i>	<i>Planlagt oppfølging og svarfrist</i>	<i>Status</i>
Prosjektstyring	22.04.2010	14.04.2011	18.04.2011	1. halvår 12	
Innkjøp	23.04.2009	26.11.09	01.12.09	6 mnd etter kst-vedtak	
Legevakttenesta	2007/20.02.08	11.12.2008	14.12.2008		<i>Ferdigbehandla</i>
Barnevern	12.06.2008	23.04.2009	27.04.2009		<i>Ferdigbehandla</i>
Vedlikehald og inneklima i kommunale bygg		27.11.06		2008	<i>Ferdigbehandla</i>
<i>Selskapskontrollar</i>					
IVAR IKS	11.12.08	22.04.10	26.04.10	2011	
Lyse Energi AS	30.04.07	30.04.08	3/5-08		<i>Ferdigbehandla</i>